



Stormane med ymse kvinnenamn har fare relativt fint med bygda vår i motsetnad til andre stader i landet. Berre ein større skade er notert av oss - då taket på løa til Kåre Vetrhus flaksa avgarde. Nede ved fjorden har ein observert at eit gammalt nust på Flatholm har bukka under. Andre skader har vi ikkje høyrte om.

Naustet har rett og slett sege saman, men det var nok alderdomssvekka på førehand. (over)

På den andre sida av sundet og lengst ute på Neset har det nye naustet til Kjell Yri reist seg, slik at naustmiljøet i denne delen av Uskedalen totalt sett kjem ut på pluss-sida. Det nye naustet føyer seg fint inn i miljøet, som her er fotografert i fugleperspektiv (under)

Foto: Ola Matti Mathisen

